

Referat frå telefonstyremøte, 1/4 2020, kl. 12.00

Innkalla: Knut Evensen, Ola Hareland, Jonny Mathisen, Gro Arneng, Eirik Kolbjørnshus, Frode Rudland, Marte Stine Skålenget, Anne Terningen, Eric Macody Lund og Pål Kjorstad. Grunna trøbbel med antall deltakarar på Messenger vart ikkje Marte Stine og Anne med på heile møtet. Dei vart med uti møtet, men berre hørde på.

Innleiing: Smartbjella ved Eric Macody Lund tok kontakt i forkant av årsmøte vårt, men da årsmøtet var berre for samarbeidspartar/sponsorarar, så valde vi å invitera Eric på fyrste styremøtet vårt etter årsmøtet. Grunna Korona-utbrotet gjekk dette som tlf-møte, men Eric ville likevel møta og presenterte «Smartbjella» for styret i OSG i starten av dette møtet. Han opna med å si at Oppland Sau og Geit var ein viktig samarbeidspartner i markedet! Tjenesten/Smartbjella i stikkordsform: Ny portal, beste signalstyrke er nemnt som 31, rapporteringsintervall ned mot 10 minuttar, har geofence, rapporter om posisjoner når den har vore ut av dekning, 1,5 stilling på support. 1 ny salgsperson, godt kundesystem m/ 2 facebook-gruppesider, brukargruppa (109 medlemmer) og standard facebookside, eigar: StalkIT. Enheten passar for alle beitedyr, tåler ned mot -30 grader og ekstrem robust, IP67 sertifisering – motto: nei til å bytte batterier og satsar på batteri med lang levetid i staden, 2 veis kommunikasjon, dødsalarm ved 3 siste rapporteringsintervall i ro – men kan flytte denne frå 3 til 1. Eige prosjekt med Innovasjon Norge – 20 aktive kundar med og skal koma med info, tankar og forbetringspotensial. Spørsmål om Telenor/Telia dekning- kvar kunde må velgja det eine. 5 år batteri-garanti er vanskeleg å handtera. Ymse moduleringsscenario har vist at ein kan garantera 2 år levetid. I beste tilfelle kan batteriet leva opptil 15 år og med rapporteringsintervall på 24 timer i 17 år. Med rapporteringsintervall 3-12 timar kan batteriet halda 4,5-12 år. Verdal 15 stk. i test: 10 % brukt på ein sesong. Pris: 699,- Abonnement: 99 pr. halvår /139 år heilår.

Sak 27/2020: Referatsaker

- Referat frå styremøte 21.02.2020, godkjent.
- Referat frå årsmøte 22.02.2020, godkjent.
- Årsmøte og seminarhelg i OSG 21.-23.02.2020, evaluering
Veldig bra årsmøte med god fagleg del. Utfordringar økonomisk med fleire som ikkje har betalt for seg, og fleire som ikkje kom.
- Årsmøte i NSG 11.-12.03.2020, utsendingar frå Oppland: Knut Evensen, Ola Hareland, Jonny Mathisen og Frode Rudland. Pål Kjorstad vart attvald som nestleiar, Marthe Lang-Ree vart vald som ny styremedlem, Anders Svare vart attvald som medlem av valkomiteen, Knut Evensen vart vald som ny medlem i kontrollutvalet.
Evalueringar: Greit årsmøte, litt nervøst i forhold til korona. Valget gjekk litt for enkelt meiner fleire, da næringa og organisasjonen slit så må ein gå ut frå at styreverv her må vera utsatt. Thor Blichfeldt la fram miljø/klima – fleire lam pr. søye – hurtigare vekst, utfordrande. Kjell Erik Berntsen la fram salstala for ei merkevare frå Gilde - for dårleg i forhold til å sjå den heile samanhengen
- Knut Evensen har gått i bresjen med å oppretta ei Facebook-gruppe av fylkesleiarar i NSG oppe

Sak 28/2020: Korona-utbrotet

Heile verda har etterkvart fått merka eit koronavirus som fører til sjukdommen covid-19, ein influensaliknande sjukdom som går på luftvegane hos menneske med stor dødelegheit. Norge har innført store restriksjonar m.o.t. smittevern og vi i småfenæringa er òg da naturlegvis råka av dette, bl.a. ved at utanlandske klipparar har reist heim grunna restriksjonar i eigne land.

Oppland Sau og Geit har vore aktive med i forhold til å finna og sjekka rundt om i gamle Oppland ikking mangel på klipparar og eventuelt lamningshjelp i vår. Dette er sendt til alle lokallag, og vi har fått god respons på utspelet. I samband med dette fekk OSG god dekning i lokalavisa Dølen i Midt-Gudbrandsdalen.

Korona-saka ser ut til å verta langvarig og styret i OSG må leggja ein plan for dette og drøfta kva som måtte koma opp av utfordringar i næringa i nær framtid:

- Styremøter, infomøter, regionmøter – infokanalar, møtestategiar – tlf-møter m/ «Teams»
- Beredskap på gardar, m/hjelp, utfordringar rundt smitte, beitetilsyn
- Oppland Radiobjøllelag, beredskap, smittevern
- Kontakt og info i organisasjonen – lokallag, fylkeslag, landslag
- Positiv omtale i Oppland Arbeiderblad om sauebonde Steinar Lyshaug, som i mangel på saueklippar kjøpte seg klippemaskin og har klipt åt seg sjølv i år!! Fleire lokale saueklipparar, som før har klipt berre sine eigne dyr, har i år klipt 3-500 sauar hos andre. Fåvang, Hadeland og Lesja har plan om klippekurs
- Sauebrukarar må nå halda seg friske, og som beredskap har fleire kommunar sett opp lister over personar som kan rykka ut å hjelpa til i lamminga

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til etterretning og vedtok følgjande:
- at vi skulle gå for tlf-møter på Teams
- at vi skulle køyra ut det meste av radiobjølleutstyret for å hindra smitte hos tilsette.
- at vi skulle oppfordra til fleire klippekurs med regionale formål/nedslagsfelt for at klippekursa både vert arrangert og vert økonomisk forsvarlege for lokallaga som står som arrangør.

Sak 29/2020: Oppland Radiobjøllelag

- Budsjett FKT- kr. 400.000,- for lite til å følge opp prosjekt og vanleg innkjøp, men det er rift om pengane.
- Lammetapsprosjekter i Lesja og Øyer er bestemt med 550 telespor-enheter m/til saman 5 basestasjonar i områder med därleg eller utan dekning
- Overforbruk Findmy 2019 er nå sett opp og klar til å bli fakturert, mens abonnementfaktura 2020 er under handsaming hos Findmy
- Batteri og div. utstyr frå Telespor er kome og abonnemnet Telespor er betalt
- Det er innkome 257 søknader 2020/rapportar 2019 på heimesida + ein del på tekstmeldingar/mail
- Arbeidet i dei siste dagane og framover nå er å setja opp leigeutstyr og fakturaoppsett
- Politikk/strategi vidare i forhold til innkjøp av Telespor, Findmy, Nofence og Smartbjella.
- Jonny og Pål har òg vorte spurt om å hjelpa til i eit prosjekt i Vestre Åmot Beitelag i Åmot kommune med formål om å finne lammetapsårsakar ved hjelp av elektronisk overvaking. Dei har svara ja, og vil hjelpa til med erfaringa dei har med dette

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til etterretning, og vedtok at vi skulle kjøpa Telespor og Findmy som før, og at vi i tillegg skulle prøve ut Smartbjella. På fekk fullmakt til å vurdera kor mange vi skulle kjøpa inn

Sak 30/2020: Rovviltsaker

a) Planlagt tidleg sankesaka i Skjåk og Lesja. 3 beitelag har fått tilbod om kr. 50.000 til kr. 60.000 til ekstratilsyn i beitesesongen viss dei tek på seg å sanka sauens heim før 01.09.2020. Dette har skapt engasjement og årsmøte i NSG vedtok ei uttale i samband med denne saka:
«Årsmøte i NSG tar avstand fra miljømyndighetenes argumentasjon, der de skylder på at vanskelighetene med å forvalte jerven ned på bestandsmålet, er grunnen til at de vil tilby beitebrukere i beitelaga i yngleområder for jerv ekstra tilsynsmidler mot at de må foreta en planlagt tidlig sinking i god tid før 1. september. Årsmøtet i NSG krever at jervebestanden skal forvaltes ned på bestandsmålet før eventuelt beiterestriksjoner kan brukes som et av flere alternative forbyggende tiltak. Miljømyndighetene kjøper seg fri fra forvaltningsansvaret sitt med denne handlemåten, og skaper samtidig en splittende holdning mellom beitebrukerne innad i beitelaga og mellom disse og nabobeitebrukere. Årsmøtet i NSG krever at miljømyndighetene i fremtiden opplyser om og tar LMD og landbruksorganisasjonene med på råd i slike saker.»

Skjåk har kome med dette svaret til FMIN: «*Tilbod om tilskot til utvida tilsyn og tidlegsanking. Viser til brev frå Fylkesmannen datert 25.02.20 der Skjåk beite- og sankelag, underområde Reinheimen få tilbod om tilskot til tidleg sinking i kombinasjon med utvida tilsyn. Beitebrukarane har drøfta tilboden, og har fylgjande tilsvare: Det må leggjast ned ein større innsats for å få tal jerv ned på bestandsmålet. Det har år etter år vore store tap i fjellområda mellom Skjåk, Lesja og Romsdal. Beitebruken er skadelidande. Når det er så store tap, og jervtalet er for høgt, må det trass jervsone kunne takast ut jerv og i Reinheimen. Altså tal jerv må ned! Det er eit drastisk inngrep i nytting av beitebruken/beiteretten å planleggje tidlegsanking av sauens før beitesesongen er slutt. Slike tiltak må vera siste utveg. Beitebrukarane i Reinheimen leverer mange av lamma til slakteriet direkte frå utmarksbeite. Å sanke heim sauens i august inneber at andreslåtten må brukast til saubeite i staden for å hauste for til vinteren. Må da kjøpe vinterfor. Noko anna er brå overgang til innmarksbeite, som kan få uheldige følgjer, som smittepress, stagnering av vekst... Kan måtte innvollsnyltrebehandle dyr som da blir gåande heime i lengre tid, medan prisløypa går nedover. Kan og måtte ty til kraftfor som på ingen måte er i samsvar med bildet av sau som ein tilnærma økologisk produksjon. I Reinheienn foregår det villreinjakt frå 20 august til 14 septemeber. Det blir utstett 500 reinskort. Det er uheldig med massesanking av sau samtidig med reinsjakta. Mykje folk i fjellet med ulik interesse kan føre til uheldige situasjonar som ingen av partane har ynskje om. I fall tidlegsanking må Fylkesmannen be grunneigar varsle jegerane om sinkinga. Praktisk gjennomføring av tidlegsanking i heile område vil krevje enormt ned ressursar. Reinheimen beiteområde i Skjåk utgjer 425km2. Sauen vil ikkje heim så tidleg i sesongen. Det kan bli ei utfordring. Kan og bli vanskeleg å få tak i nok hjelp. Lettare å sanke utover i september når sauens samlar seg og trekker framover fjellet. I Skjåk har det opp gjennom tida vore tradisjon å sanke 2. helga i september, alternativt sagt helga nærmast 15. september. Reinheimen beiteområde sankar ved jaktslutt.*

Ei eventuell tidlegsanking før 25. august blir ikkje aktuelt, med mindre det oppstår heilt akutte rovviltangrep. Økonomisk held ikkje tilboden. Skal det gå meir tilsyn pluss kjempejobb med sinking, ser ein for seg å måtte bruke mykje meir pengar enn det Fylkesmannen tilbyr, kanskje dobbelt så mykje. Kompensasjon for sanka sau før 1. september, kr 7 pr. dyr og dag fram til 10. september er på ingen måte nok. I tid må tilboden vare lenger, i alle fall til normal sanketidspunkt for området. Satsen må opp og enda høgare for dyr som sankast ekstra tidleg, for eksempel før 25. august.

Oppsummert: 1. Jervtalet må ned på bestandsmålet fortast mogleg. 2. Sjølv innafor jervsona må uttak i Reinheimen prioriterast når tapstala er så høge 3. Planlagt tidlegsanking er siste utveg 4. I fall tidlegsanking kan bli aktuelt må - tilskot til tilsyn og sinking opp - dagsatsen opp. - kompensasjon utbeta last til normal sanketidspunkt for området. - tidlegaste planlagt sankedato vera 25.august - fylkesmannen varsle grunneigar, som varslar vidare til jegerar. Beitelaget tek gjerne mot tilskot til utvida tilsyn, men ynskjer primært ei ordning med at tidlegsanking blir sett i verk først når det skjer angrep. Men dyrevelferd må vega tungt. Det er ufattelege lidingar sau drepne eller skada av rovvilt må gjennomgå. Vi fryktar ein blodig sommar, når tal jerv er for høgt. Derfor er beitebrukarane i Reinheimen viljuge til å gå i dialog med Fylkesmannen for å få til ei ordning som kan hindre katastrofale tap sommaren 2020, og ber om eit drøftingsmøte før beitesommaren, helst etter påske men før lamming, om det let seg gjera i desse koronatider. Referer til slutt uttale frå årsmøtet i Norsk Sau og Geit nå i mars: Sjå over.

Lesja har kome med dette svaret til FMIN: «Ang. tilbud om tilskudd til tidlig sinking i kombinasjon med utvidet tilsyn. Viser til brev fra Fylkesmannen i Innlandet til beitelagene Lordalen og Lesjaskog. Medlemmene i de to beitelagene takker nei til tilbuden om tilskudd til planlagt tidlig sinking i kombinasjon med utvidet tilsyn beitesesongen 2020.

Begrunnelse for avslaget er:

1. Planlagt tidlig sinking er en aksept av for høy bestand av jerv i aktuelt beiteområde. Tidlig sinking kan være et virkemiddel som næringen må ta i bruk, men kun ved akutte skadetilfeller.

Vi mener rovviltnemnda i region 3/fylkesmannen og Miljødirektoratet ignorerer den to- delte målsettingen i rovviltnemnden på bekostning av beitenæringen i jerveprioritert sone.

I tilbudsbreven står det: "For å kompensere for lav fellingsprosent og høy jervebestand kan Miljødirektoratet etter innspill fra rovviltnemnda sette i verk ekstraordinære uttak av jerv/hiloskaliteter." På tross av dette er det beitenæringen som enda en gang, ensidig må vike for en altfor høy jervebestand.

I forvaltningsplanen for rovvilt i region 3 står det i kap. 2.3 Distriktpolitiske og landbruksfaglige rammer: "...De politiske føringene for forvaltningen av rovvilt og beitedyr tilskier at forvaltningen skal gjennomføres på en slik måte at risikoen for tap og lidelser reduseres mest mulig gjennom forebyggende tiltak og bestandsregulering. Beiterestriksjoner skal være siste utvei. Økt satsing på forebyggende og konfliktdempende tiltak omfatter i tillegg til strategiske uttak av potensielle skadegjørere i risikoområder. Det legges stor vekt på å ha god samhandling mellom rovviltnemnden, Mattilsynet og beitebruksnæringen, slik at tiltak kan iverksettes raskt og derved redusere farene for lidelse hos beitedyra. Det skal være liten risiko for rovviltangrep på beitedyra i beiteprioriterte områder."

I kap. 6.1 Geografisk differensiering i region 3 står det i siste avsnitt: "Ved valg av en jervesone som arealmessig var noe større enn nødvendig for å nå de 4 årlige ynglingene ble momentet om byrdefordeling tillagt stor vekt. Målsettingen har vært å kunne fordele belastningen og ulempene ved å ha jerv i sine beiteområder. Dette krever en forvaltning som

klarer å forvalte ned mot bestandsmålet og der det blir gitt større muligheter til ekstraordinære eller målretta uttak der det er store skader i beiteperioden."

I kap. 6.2.1 Jerv, står det under skadefelling og hiuttak: "... Slike uttak vil primært bli gjennomført i de beiteprioriterte områdene, men nemnda ønsker at de også kan bli gjennomført i jerveprioritert område dersom bestandsforholdene og skadebelastningen tilsier det. I slike tilfeller skal særlig viktige områder for utmarksbeite prioriteres."

Beiteområdene til Lesjaskog og Lordalen er viktige områder for utmarksbeite.

Hva har rovviltnemnda gjort for å regulere jervebestanden ned?

2. Rovviltnemnda i region 3 fikk i 2014 et oppdrag i å få til en mer samordnet forvaltning av jerv i Sør-Norge. Hva har kommet ut av dette oppdraget?

I 2018 reduserte rovviltnemnda i region 6 jerveprioritert sone i Møre og Romsdal. Når jerveprioritert sone reduseres, øker belastningen på beitebrukerne som er igjen i jerveprioritert sone.

I Møre og Romsdal ble det registrert 3 ynglende jerv i 2019 i områdene i Reinheimen mot Lesja og Skjåk. I tillegg ble det registrert 1 yngling i Reinheimen i Oppland.

Sett fra beitenæringen har dette gitt en stor bestand av jerv på et lite område, i grenseområdet mellom region 3 og region 6.

I hele region 6 ble det registrert 17 ynglende jerv. Bestandsmålet i region 6 er 10 ynglende jerv.

3. I Oppland ble det registrert 8 ynglende jerv i 2019. I gjennomsnitt de siste årene er det registrert 6 ynglinger. Bestandsmålet er 4.

Beitenæringen og lokale jegere er aktive i lisensfellingsperioden. Ansvaret for bestandsregulering blir i stor grad overlagt til beitenæringen og lokale jegere. Det er på tide at forvaltningen er med og tar ansvar for bestandsregulering i region 3 både i beiteprioritert og jerveprioritert sone.

Beitelagene i Lesja mener at et tilbud om tilskudd til planlagt tidlig sinking i kombinasjon med ekstra tilsyn, er et stort skritt i retning mot reduserte beitemuligheter i utmark for hele småfenæringen i Lesja.

Denne gangen er det områdene i Lordalen og på Lesjaskog som er mest utsatt. Tidligere år har andre områder vært like utsatt.

Sett fra vårt ståsted er det største problemet at forvaltningen ikke tar i bruk virkemidler for å redusere jervestammen ned på bestandsmålet.»

Saka var nok opp i møte i rovviltnemnda, og har nok vore oppe mellom FMIN og rovviltnemnda på det administrative nivået. Det ser for nokre av oss ut til at FMIN ved tilbodsbrevet har blanda seg inn i ei sak, og på ein måte forsøkt midlar til planlagt tidleg sinking av FKT-potten. Det er rovviltnemnda med bakgrunn i forvaltningsplanen for rovvilt i region 3, som er vedtaksføre i slike FKT-saker.

I referatet etter møte i rovviltnemnda 21/3 2020 står det:

Kommentarer til budsjett:

Budsjettet er overordnet, og flere av de omsøkte tiltakene må ved behandling vurderes i sammenheng. Fylkesmannen vil som tidligere behandle alle søknadene i løpet av mars/april.

- Midler til tidlig sank er foreslått i tråd med søkerne. I tillegg er det gitt tilbud om tilskudd til tidlig sank i kombinasjon med utvida tilsyn til utvalgte beitlagsområder i Skjåk og Lesja.*

Viser til budsjett under:

| Forslag budsjett 2020 | | | | | | | | |
|---------------------------------|-----------|-----------|-------------|------------|-----------|-------------|-------------|-----------|
| Tiltak | Forskrift | Omsøkt 20 | Budsjett 20 | Ramme 2020 | Omsøkt 19 | Budsjett 19 | Utbetalt 19 | Ramme 19 |
| Tidlig sank | 5a | 454 000 | 600 000 | | 592 000 | 600 000 | 401 793 | |
| Planlagt tilsyn med kadaverhund | 5b+6 | 2 451 400 | 500 000 | | 2 262 000 | 500 000 | 591 272 | |
| Akutt tilsyn med kadaverhund | 5a | 256 350 | 300 000 | | 556 000 | 300 000 | 294 668 | |
| Beredskapsareal | 6 | 60 000 | 60 000 | | 324 400 | 100 000 | 260 720 | |
| Tekniske tiltak/elektronisk | 6 | 1 183 375 | 400 000 | | 1 015 227 | 400 000 | 875 000 | |
| Tapsavklaringsprosjekter | 6 | 1 142 037 | 900 000 | | 781 790 | 700 000 | 727 056 | |
| Andre tiltak | 6 | 313 600 | 100 000 | | 523 000 | 150 000 | 79 370 | |
| Sum kommuner/beitelag/foretak | | 5 860 762 | 2 860 000 | | 6 054 417 | 2 750 000 | 3 229 879 | 2 750 000 |
| Kompetanseheving | 6 | 305 000 | 240 000 | | 232 500 | 200 000 | 121 259 | 200 000 |
| Lokale Fou | 6 | 3 786 750 | 900 000 | | 1 135 690 | 700 000 | 1 304 000 | 700 000 |
| Akutte midler | | | 1 000 000 | | | 1 200 000 | 65 000 | 1 200 000 |
| Skadefelling | | | 1 000 000 | | | 1 000 000 | 721 707 | 1 000 000 |
| Totalt omsekt | | 9 952 512 | 6 000 000 | 6 000 000 | 7 422 607 | 5 850 000 | 5 441 845 | 5 850 000 |

- b) Uttale til konsesjonssak i forhold til beitebruk i Kvam Østside beitelag. NSG og OSG er vorte spurta om faghjelp til dette, og klaga er på gang frå NSG
- c) Jervynglingar 2020. Det er store utfordringar med sporforhold med bl.a. mykje vind i vinter. Det er førebels omtala 3 ynglingar i Lordalen, 2 i Skjåk og mistanke om 2 i Midtdalen. 1 hann i Lordalen har drepe jervungar.
- d) Budsjettet til FKT-midlar. Merknader: Tapsavklaringsbudsettet tek mykje midlar. Planlagt tilsyn kadaverhund, strategie på budsjett? Tilsvarar ikkje det gardbrukarar ønsker.

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til etterretning, og vedtok at vi skal følgja opp sakene over etter best evne. Jonny fekk fullmakt til å koma med eit generelt innspel til FKT-budsjettet på neste møte i rovviltnemnda. Det kan verka som om at næringas ønske om planlagt tilsyn med kadaverhund vert nedprioritert i forhold til andre tiltak. Dette er det beitebrukarane sjølve som vil ha, og det må OSG stå opp for

Sak 31/2020: Gjetarhundsaker

- Her kom også korona inn, og den 12.03.2020 avlyste NSG all organisert gjetarhundaktivitet via heimesida si.
 - Tettare samarbeid mellom OGL og OGS, kvar står det i dag?
 - Det er sendt inn søknad om tilskot frå FKT m.o.t. beredskap v/rovviltsaker: Tiltaket går ut på å forebygga skader ved akutte rovviltnangrep i beitesesongen ved å samle saman dyr i områda som er ramma. Til dette tiltaket vil vi vera til hjelp med beredskap ved ei gruppe gjetarhundekvipasjar, som kan vera til hjelp over hele fylket.
Tilskottet skal da brukas til punkta under og har ei ramme på kr.50.000,-
1. Opprette sjølve beredskapen og instruksen for tiltaket. Dette vert lagt inn under allereie fungerande beredskapsplaner og rutinar rundt skadefellingar i samarbeid med kjente og rutinerte aktørar
 2. Halda ei samling rundt dette der vi koblar inn Oppland Gjeterhundlag og bruker dei med sin kunnskap og erfaring rundt aktuelle ekvipasjar, antall ekvipasjar som trengs og metodar dei ser dei kan bidra med

3. Etter at tiltaket/beredskapen er oppretta vil vi halda kurs og beredskapssamling for gjetarhundekvipasjane på 3 plasser i gamle Oppland, slik at målet er å være i beredskap alt i delar av fyrstkomande beitesesong

4. Vi presiserer at tiltaket gjeld berre å opprette beredskapen. Sjølve jobben må gjerast i samarbeid med aktuelle skadefellingar/skadesituasjonar

- Kjøreregler for instruktørutdanning/instruktører for Oppland fylke.
- Privatisering av gjetarhundarbeid, prøve å ha en lik og felles holdning i fylket.
- Revidere regler for klubbkamp
- Retningslinjer for arrangering av prøver i regi av OGL. Dette for å sikre dialog med lokallaga.

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til etterretning og held fram det gode samarbeidet med OGL

Sak 32/2020: Saker fra Ring 41/avlsutvalget/sauetavl generelt

Styret i NSG godtok på førre styremøte å senda inn saka om spælsau-ull til Avlsrådet for sau. I styremøtet 10. mars 2020 vedtok styret følgende henvendelse til Avlsrådet for sau:

«Styret i Norsk Sau og Geit støtter Avlsrådet for sau i målsetningen om å arbeide for bedre og mer lik bedømming av spælsauull landet over. Videre bør det tas inn 2 seminværer i 2020 med meget god ullkvalitet, der O-indeks tillegges mindre verdi.

Styret i NSG har følgende spørsmål/utfordring til Avlsrådet for sau:

*1. Hvilken plan har Avlsrådet for sau for å øke andelen av F1 hvit spælsauull?
2. Er det mulig med dagens kåringsreglement for rase 04 og
innaksreglementet/tilskuddssystemet i ringene å øke dagens andel av F1-ull fremover?»
Vi ber om at Avlsrådet for sau får dette til orientering i møte 31. mars 2020 og at saken blir behandlet i Avlsrådets møte i juni 2020.»*

- Avlsrådet er i møte i dag
- Mædiesituasjonen i Trøndelag har ført til strengare livdyromsetting av sau ved at nå må det takast blodprøver ved kjøp/salg av hodyr.
- Slaktemodne lam. Det kan verka til at lamma i den seinare tida er mindre slaktemodne enn før. Men dette kan ha eller har nok noko med prisløypa å gjera, tidlegare slakting
- GS-prosjektet, 2020 – pengar i boks, men for åra som kjem er det uavklart

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til etterretning

Sak 33/2020: Geitesaker

- Andre saker
- Ingen kåring av bukkekje grunna korona, venter med kåring til farskapstesten
- Er i gang med GS prosjektet, samlar inn data fra vaksne geiter
- Møte i rådgivande gruppe geit
- Referat frå rådgivande gruppe geit, skal frå nå av sendas som kopi til styret i OSG
- Sak frå sist: Systematisk avliving av kje, dyrevernsorganisasjonen er på tur til å ta næringa for denne avlivinga. Oppo på årsmøte i NSG. Dårleg marked, etisk viktig, ansvar på den enkelte bonde, men alle må være bevist

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til etterretning, og vil arbeida fram ein plan for at ikkje avliving av kje, som faktisk må til enda, ikkje vert ei negativt omdømmesak

Sak 34/2020: Organisasjonssaker

- Lokallag – fadderordninga. Vi fordeler lokallaga mellom styremedlemmane
- Klippekurs, Lesja søkt, Hadeland har søkt, Fåvang har søkt – regioner, lønnsomheit på kursa. Fadderordning klipparar, norske/utanlandske klipparar
- Innspel og høyringar, ansvar for å svare på innspel/høyringar
- Lokallaga, spørja utanlandske klipparar om dei kan ta med seg rekrutter. 40 kr/sau er ei smertegrense. Satse på norske klipparar

Vedtak i saka:

- Fordeling av lokallag til styremedlemmane:
Ola Hareland: Skjåk, Lom, Vågå, Dovre og Sel
Jonny Mathisen: Lesja, Heidal, Sør-Fron, Ringebu og Fåvang
Knut Evensen: Nord-Fron, Øyer-Tretten, Gausdal, Fåberg og Slidre
Frode Rudland: Biri, Vardal, Vestre Toten, Østre Toten og Toten III
Eirik Kolbjørnshus: Hadeland, Snertingdal, Nordre Land, Søndre Land og Etnedal
Gro Arneng: Vang, Austvang, Nord-Aurdal, Sør-Aurdal og Kolbu
- Styret vedtok i tillegg at:
 - a) Innspel og høyringar fekk den eller dei av styremedlemmene, som har mest kunnskap om eller er mest involvert i , hovudansvaret for
 - b) Strategien i forhold til saueklipping må vera at vi satsar alt på å utdanna nok lokale og da norske klipparar, da kan den viktige fadderordninga verka, men alt avheng at medlemmane våre brukar og satsar på berre norske klipparar

Sak 35/2020: Arbeidsplan:

- Bidra til at eit medlemskap i NSG skal lønne seg både i 2020 og framover for småfehaldet i Oppland
- Bygge vidare på organisasjonen Oppland Sau og Geit
- Innspill til jordbruksforhandlingene 2020
- Delta på styremøte, årsmøter og medlemsmøter i lokallag som spør om det
- Bidra til godt samarbeid og komme med gode konstruktive innspill for småfeholdets beste til NSG, Nortura, Tine, Fylkesmannen, nabofylkeslag inkludert større samarbeid m/Hedmark Sau og Geit, Oppland Bondelag og Oppland Bonde- og Småbrukarlag
- Bidra i arbeidet for økt oppslutning om sauekontrollen
- Medlemsverving – mål mer enn 1200 medlemmer i 2020
- Oppdatering av hjemmesida, inkludert rovviltartikkelen og facebook-sida vår
- Søke FKT-midler, midler fra «Tilskudd til tiltak i beiteområder» og andre midler til drift av Oppland Radiobjøllelag
- Videreføre engasjementet i rovviltarbeidet med Rovviltutvalget som bidragsyter
- Gjennomføre styremøter etter oppsett plan med saker fra/om Ring 41, geit og OGL
- Planlegge kontaktmøter/4 regionmøter i 2020/21 og seminar/årsmøte i februar 2021
- Arbeida med utfordringer til gjerdning/gjerdeplikt, spesielt mot utmark
- Arbeide med rekruttering til næringa – tiltak for unge småfebønder
- Arbeida med mere faglige småfesaker, som på avl-, beitebruk-, produksjons- og dyrehaldsrelaterte områder
- Beholde generaldebatt på neste årsmøte
- Holde minst 2 felles styremøte og samarbeide mere med Hedmark Sau og Geit
- Arrangere tur for i Oppland Sau og Geit i 2020

- Svare på innspill og høringer ved behov
- Opplæring/kursing av tillitsvalgte
- Radioaktivitet – kva gjer vi?

Vedtak i saka:

- Arbeidsplanen vart gjennomgått slik den vart vedteke på årsmøtet og utvida med 3 punkt. På neste møte vil styret vedta ein meire detaljert arbeidsplan

Sak 36/2020: Eventuelt

a) Vi har fått beskjed frå NSG at desse lokallaga i Oppland ikkje har sendt inn årsrapportar:

Austvang Sau og Geit
Fåberg Sau og Geit
Gausdal Sau og Geit
Heidal Sau og Geit
Lesja Sau og Geit
Lom Sau og Geit
Nord-Fron Sau og Geit
Sel Sau og Geit
Slidre Sau og Geit
Sør-Aurdal Sau og Geit
Sør-Fron Sau og Geit
Toten III Sau og Geit

b) Slakterisak – 5 år med undersalg av lam, utforme spørreundersøkelse?

c) Neste styremøte: 15/06

Vedtak i saka:

- Styremedlemmene kontaktar lokallaga sine som ikkje har sendt inn rapport, og understrekar kor viktig dette er. Lokallag som ikkje er organisert mistar og som ikkje har rapportert inn til NSG får ikkje inn lokallagskontingensten for 2020

Sør-Fron, 01.04.2020, Pål Kjorstad, sekretær OSG